



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 26.01.2026
Tid: Kl. 18:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Live Øvrebø
Magne Røsdal Lund
Nora Skjelde Prestbø
Tobias Hatlem
Truls Foss
Espen Ognøy Våge
Sanne Øvrebø
Stian Ognøy Våge

Andre som møtte

Egil Magne Våge
Lena Lønning Dybdal

Stilling

Ordfører
miljøterapeut

Merknader til innkallinga: Møteportal må ordnes slik at innkallinga kjem der til neste møte

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Live Øvrebø og Truls Foss

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling
002/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
003/26	Val av leiar, nestleiar, faste medlem og varamedlem til ungdomsrådet for perioden 2026 - 2027
004/26	Samlesak for orienteringsaker
004/26.1	Informasjonsmøte om E39 Bokn-Bømlafjorden for ungdomsrådet
005/26	Eventuelt og spørsmål

001/26 Godkjenning av innkalling

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ingen av medlemmene har mottatt innkalling til møte i portalen. Møtesekretær tar dette med videre.

Grunnen er nok at det er nytt ungdomsråd med nye medlemmer, og all kontaktinformasjon om medlemmene ikke er lagt inn før møteinnkallinga vart sendt. Møtesekretær sendte ut ein personleg melding / mail til medlemmene i forkant, så alle har likevel fått med seg at det skulle vere møte.

UNG - 001/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent samrøystes. Formell innkalling i politikarportalen vil vere i orden før neste møte.

002/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

Truls Foss og Live Øvrebø meld seg til å godkjenne møteprotokoll.

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 002/26 Vedtak

Møteprotokollen blir einstemming vedtatt. Truls Foss og Live Øvrebø blir valde som representantar til å signere møteprotokollen.

003/26 Val av leiar, nestleiar, faste medlem og varamedlem til ungdomsrådet for perioden 2026 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Magne Røsdal Lund meld si interesse som leiar. Truls Foss meld si interesse som nestleiar. Det blir samrøystes vedtatt at Magne Røsdal Lund blir leiar, og Truls Foss nestleiar for 1 år.
8 / 8 stemmer for Magne Røsdal Lund som leiar.

8 / 8 stemmer for Truls Foss som nestleiar.

Live Øvrebø, Nora Skjelde Prestbø og Tobias Hatlem foreslås som faste medlem.

Espen Ognøy Våge, Stian Ognøy Våge og Sanne Øvrebø foreslås som varamedlem.

Ungdomsrådet tek hensyn til reglementet i si avgjøring av faste medlem og varamedlem. I reglementet står det i punkt 3.3 at det skal veljast 3 faste representantar, helst 1 frå kvart trinn, og 2 vararepresentantar frå Bokn skule samt 2 faste representantar og 1 vararepresentant frå videregående skule.

UNG - 003/26 Vedtak

Det blir einstemmig vedtatt at Magne Røsdal Lund blir leiar for 1 år.

Det blir einstemmig vedtatt at Truls Foss blir nestleiar for 1 år.

Det blir einstemmig vedtatt at Live Øvrebø, Nora Skjelde Prestbø og Tobias Hatlem blir faste medlem for 1 år.

Det blir einstemmig vedtatt at Espen Ognøy Våge, Stian Ognøy Våge og Sanne Øvrebø blir varamedlem for 1 år.

004/26 Samlesak for orienteringsaker

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 004/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

004/26.1 Informasjonsmøte om E39 Bokn-Bømlafjorden for ungdomsrådet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet i Bokn kommune stiller på informasjonsmøte 29. januar på Tysværtunet saman med koordinator frå kommunen.

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

5 / 8 medlemmer har anledning til å delta på møte 29.01.26. Alle de 5 medlemmene møter fysisk. 3 har gyldig forfall.

1 elev frå Gann vgs treng gyldig fraværsmelding som kan leveres til skuleleiinga. Møtesekretær sender dette i etterkant av møte.

UNG - 004/26.1 Vedtak

Det vedtas samrøystes at ungdomsrådet frå Bokn kommune deltek på informasjonsmøte på Tysværtunet 29.01.26.

Deltakarar til møte er Magne Røsdal Lund, Truls Foss, Sanne Øvrebø, Tobias Hatlem og Stian Ognøy Våge.

005/26 Eventuelt og spørsmål

- Ungdomsrådet ynskjer å lage sak om rimlegare bussmoglegheiter for born- og ungdom i kommunen. Ungdomskort og billigare kystbuss til for eksempel Haugesund og Stavanger gjeld kun for ungdommar frå 15 år og oppover slik tilbodet er no. Argumenter for å lage ei betre ordning er for å sikre at born- og ungdom har moglegheit til å utvide nettverket sitt uavhengig av familiens økonomi.
- Bokn kommune tilbyr sommerjobb for ungdom. Arbeidsoppgåvene har variert, men har i stor grad vore vedlikeholdsoppgåver av bygg og uteområde i kommunen. Ungdomsrådet foreslår ein todeling av kva ein kan søkje om. Det kan også vere eit tilbud om at ungdommane aktiviserer borna i kommunen og har ulike oppgåver for dei i sommerferien. Her kjem dei med forslag om fotball, håndball, basketball, turn etc. Borna kan melde seg på i forkant og kome med ynskje til aktivitet. Det er fem medlemmer frå ungdomsrådet som er positiv til å bidra inn i dette.

26.01.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Eventuelt

- Det er fire nye medlemmer i ungdomsrådet. Dei har ikkje fått opplæring, og ynskjer dette. Møtesekretær tek dette vidare med leiar i servicetorget.
- Tilbakemelding frå ungdomsrådet og ungdom i kommunen at "open hall" og "Petra" er positiv og kjekk aktivitet i kommunen som blir brukt. Det har kome ynskje om å ha Petra opent kvar veke (ikkje annakvar slik det er no). Ungdomsrådet ynskjer å beholde lokalet til Petra slik det er no. Argumenter for; Positiv beliggenhet som er "midt mellom" der ungdommane bur, bavare liv i Kyrkjebygd.
- Ungdomsrådet kan bistå med å vere filmråd for kommunen vidare, men på ein litt anna måte enn det som har vore. Ungdomsrådet ynskjer å kome med forslag når dei høyrer / ser aktuelle filmar, ikkje til kvar oppsatt kinodag når dette tar litt for mykje av tida i møtene. Møtesekretær tar med denne informasjonen tilbake til kommunen.
- Ungdomsrådet er positiv til å sjekke meir ut moglegheiten for drive in kino. Det er det samme kva tid på året for ungdomsrådet.
- Ungdomsrådet er positiv til å få til arrangement / konsert i kommunen for ungdom. Dei kjem med forslag til ulike artistar som møtesekretær sjekker meir ut i etterkant av møte. Det er også lokale ungdommar som spelar, som kan vere positiv til å ha ein konsert for ungdommane.

UNG - 005/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes kva for sakar dei vil ha fokus på for dette året.